



NY LOV I SVERIGE: Camilla Lodin, styremedlem i KAM: - Vår organisasjon ynskjer liknande lover som i dei andre nordiske land.

Forslag til ny lov om alternativ behandling i Sverige

Bransjen er bekymra for strengare lovgjeving

Sverige har fått ny SOU om alternativ medisin - Komplementär och alternativ medicin och vård - säkerhet, kunskap, dialog.¹⁾ Til utgreiinga ligg det også forslag til ny lov om alternativ - og komplementær medisin. Begge dokumenta er omfattande. Den fyrste er på heile 642 sider, og den som omhandlar ny lov, er på 268 sider.

Det er ikkje fyrste gongen dei svenske helsestyresmaktene har laga SOU- rapportar om komplementær og alternativ medisin. Den fyrste kom i 1989. Sidan er det laga to andre som kom høvesvis i 2004 og 2010.

Kanskje ikkje heilt overraskande, var det berre ein representant frå komplementær/alternative bransjen med i utvalet - diplomert homiatriker Irén Svensson-Nylén, frå Kommittén för komplementär och alternativ medicin (KAM). Når dette ikkje er heilt overraskande, er det fordi Sverige tradisjonelt har ein meir hierarkisk kultur i høve maktstrukturar. Den norske utgreiinga NOU Alternativ medisin 1998:21, hadde forutan fleire legar, med fem representantar frå den naturmedisinske sektoren - og fleire akademikarar frå den humanistiske kunnskapstradisjonen.

Hovudelement

Føremålet med utgreiinga og forslag til ny lov er:

- Å gje brukarar betre grunnlag for velinformerte val når dei vurderer å nytta komplementær og alternativ medisin, og samstundes styrka pasientrettar og tryggleik ved slik bruk.
- Integrering av nye behandlingstodar - t.d. dei ein finn innan den naturmedisinske tradisjonen - bør vera opphavsnøytrale og fylgja dei same kriterium for dokumentasjon som er gjeldande i dag.

Forslaga og tilrådingane kan ein summere opp i nokre få punkt:

- Kunnskapen om alternativ og komplementær medisin skal styrkjast for dei som arbeider innan det offentlege helsevesenet. Det bør setjast ned eit utval som skal koma med forslag

korleis dette kan implementerast i utdanninga, og kva omfang dette skal ha.

- Betre og meir nøytral offentlig tilgjengeleg informasjon for publikum og pasientar.
- Forbod mot å utgreia og behandla barn under 15 år - og sjukdom i samband med graviditet, uansett alvorsgrad. Det skal likevel vera lov å gje symptomlindrande behandling.
- Forbod mot å behandla alvorlege lidningar. Men som nemnt ovanfor, er symptomlindring lov.
- Utvalet er negativ til å etablera eit offentlig register for utøvarar av alternativ behandling - slik ein har både i Norge og Danmark.

Høyringsrunde

Forslag til ny lov, som er utforma som ein straffelov liknande det ein har i Norge, er nå ute til høyring. Ein av bransjeorganisasjonane, >>>



Foto: halfpoint - Envato Elements

Kommittén för komplementär och alternativ medicin (KAM), held på med sitt tilsvar. Camilla Lodin, homøopat og medlem av styret i organisasjonen, kan på eit nyleg møte i Nordisk SamarbeidsKomite for komplementær og alternativ medisin i København (NSK), opplysa at KAM har ein del bekymringar som dei ynskjer å setja fokus på:

– Vi er sjølvsagt bekymra for kor stor gjennomslagskraft dei ulike høyringsinnspela vil ha, sidan dagens forslag er meir liberal enn den gjeldande. Den svenske legeföreninga ²⁾ problematiserer blant anna med at dei ikkje ser korleis ein kan skilja mellom kva som er behandling av sjølve sjukdomen og kva som er symptomlindring – og at dette blir endå vanskelegare for dei som ikkje autorisert helsepersonell. Dei ynskjer eit totalforbod når det gjeld behandling av barn under 15

Den svenske legeföreninga ynskjer eit totalforbod når det gjeld behandling av barn under 15 år, gravide og alvorlege lidningar.

år, gravide og alvorlege lidningar. Vår organisasjon ynskjer liknande lover som i dei andre nordiske land.

Ei anna bekymring er informasjonen om alternative behandlingmetodar. Det er forslag om å leggje dette inn i ein offentlig behandlingsgaid – såkalla 1177 ³⁾. Spørsmålet er kven som skal leggja inn fakta – leger, terapeutar,

organisasjonar eller eit samarbeide mellom desse?

Register

Utvalet er negativ til eit offentlig register for utøvarar av alternativ behandling, slik ein har både i Norge og Danmark.

– Ja, det stemmer. Dei har ikkje grunngeve kvifor dei har landa på eit slikt standpunkt.

Det kan vera at dei ikkje vil ha diskusjon omkring moms eller ikkje-moms knyta til ei slik ordning, sier Camilla Lodin.

Etter høyringsrunden blir det laga ein proposisjon som blir førelagt Riksdagen for vedtak – forhåpentlegvis til neste år.

Det kan opplyst at NNH har støtta KAM med nyttig informasjon om prosess og reguleringsregimet i Norge, noko dei har vore takksame for. ■

Kjelder:

- https://www.regeringen.se/4961ee/contentassets/75e0d769c4be49f8b2acc1a4cb5451e/komplementar-och-alternativ-medicin-och-vard---sakerhet-kunskap-dialog-sou-2019_15.pdf
https://www.regeringen.se/49bfe5/contentassets/c9ce60ddd06b44eab33fa8074ced9a26/komplementar-och-alternativ-medicin-och-vard-sou-2019_28.pdf
- <https://www.regeringen.se/4a8c18/contentassets/f05608921696441fa02856f20da0a0c0/sveriges-lakarforbund.pdf>
- <https://www.1177.se/>

NDS
Nutrient Delivery System

WWW.ENGHOLMND.S.NO

DANMARKS
FØRENDE PROBIOTIKA
I PULVERFORM

MELKESYREBAKTERIER

Kjøpes hos
Life
helsekostbutikker
og terapeuter

NDS® Probiotic Classic®

Godt dokumentert og testet for effektivitet, innhold og sikkerhet.

Gode fordøyelsesenzymmer og tarmbakterier i pulverform som fornyer og vedlikeholder en sunn fordøyelse.

Stress, hektisk livsstil, reiser, medisininntak, antibiotika og mat av tvilsom hygienisk kvalitet er alle faktorer som kan påvirke tarmens mikroflora.

NDS® Probiotic Classic® er i pulverform og har i studier vist, at den tilfører opp til **20 ganger flere levende bakterier til fordøyelsessystemet enn i kapselform.**



NDS®
PROBIOTIKA
anbefales av alle
førende terapeuter
i Danmark og
Norge.



NDS® SKANDINAVIAS MEST KOMPLETTE PROBIOTIKA-SERIE BESTÅR AV 12 FORSKJELLIGE EFFEKTIVE BLANDINGER FOR TREG MAGE, STRESS, FØLSOM TARM, LØS MAGE, VEKTTAP OG STRESS VED SPORT/TRENING.



VITALKOST AS | Wirgenesvei 11 | 3157 Barkåker | Norway

Tlf. +47 33 00 38 70 | ordre@vitakost.no